

Protokoll årslaugsmøte for år 2019 i Solund Sendebrettlaug

Møtestad: Skafferiet

Møtetid: Måndag 17. August 2020 kl. 17.30

Saker:

- 1. Godkjenning av dei som har stemmerett**
 - Det var 6 medlemmer til stades på møtet.
5 av desse vart godkjent som røysteføre ved årets årslaugsmøte
- 2. Godkjenning av innkalling og sakliste**
 - Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent
- 3. Val av møteleiar, referent og 1 laugsmedlem til å skrive under protokollen saman med møteleiar**
 - May Brith Kalgraff vart vald som møteleiar
 - Kjell Mongstad vart vald som referent
 - Mark Ellevåg vart vald til å skrive under protokollen saman med møteleiaren
- 4. Godkjenning av lauset si årsmelding**
 - Årsmeldinga vart samrøystes godkjend utan merknader
- 5. Godkjenning av lauset sin årsrekneskap.**

Underskriven revisjonsmelding, som er felles for både lauset og Solund IL, vart lagt fram i møtet.

 - Årsrekneskapa vart samrøystes godkjend utan merknader
- 6. Fastsetjing av medlemskontingent**

Laugsrådet sitt framlegg til medlemskontingent for år 2020 vart vedteke utan endringar:

 - Kr. 150 pr. medlem
 - Kr. 300,- for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med det året ein fyller 18 år)
- 7. Val av laugsrådsmedlemer**

Valnemnda (laugsrådet er valnemnd) sitt framlegg vart vedteke.
I tillegg gjorde årslaugsmøtet framlegg om Mark Ellevåg som ny styremedlem.
Årslaugsmøtet avgjorde at det då ikkje er trong for varamedlemer til styret for år 2020.
Framlegga vart deretter samrøystes vedteke:

Val av styremedlemer:

May Brith Kalgraff	(2 år – attval)
Kjell Mongstad	(2 år – attval)
Mark Ellevåg	(2 år – nyval)
Fanni Balatoni	(1 år – ikkje på val)
Kim Arnes	(1 år – ikkje på val)

Val av vararepresentantar:

Ingen	(Jan Kåre Netland tok ikkje attval)
-------	-------------------------------------

Val av revisorar:

Solund Sendebrettlaug er ei undergruppe av Solund IL og rekneskapa vert revidert saman med hovudlaget sin rekneskap.

Val av styreleiar:

Kjell Mongstad	(1 år – attval)
----------------	-----------------
- 8. Godkjenning av Handlingsplan 2020 (innspel frå laugsrådet)**

Det vart avgjort at Laugsrådet arbeider vidare med den planen som vart lagt fram for årslaugsrådet:

- Kjøpe inn diskar, størstedelen tilpassa nybegynnarar (første parti vart kjøpt i juni)
- Arrangere Vestkysttouren 3. oktober 2020 / Pargolf 4. oktober
- Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar (førebels innkome kr. 8.000)
- Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen
- Fokus på rekruttering og samarbeid
- Invitere til opplæring i disk-golf og nybegynnarrundar
- Innarbeide lørdags- eller søndagsgolfen som fast treffpunkt
- Starte opp innandørs vinterputting
- Planlegge Pargolf-NM i år 2020 / 2021
- Andre innspel

9. Budsjett 2020

Eit utkast som vart laga i mars, vart lagt fram for årslaugsrådet.

Vedtak:

Laugsrådet får i fullmakt å tilpasse budsjettet for 2020 i høve til faktisk aktivitet.


10. Saker som vert innmeldt

Det var ikkje meldt inn nye saker innan innmeldingsfristen

Hardbakke 17. august 2020


Kjell Mongstad

Referent



May Brith Kalgraff

Møteleiar



Mark Ellevåg

Vald til å skrive under protokollen